



Stiftinga Herøyspelet
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Vår referanse
26/517 26/14354

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Bjørnar Eikenes

Dato
22.06.2026

Saksnr.	Utval
07/26	Formannskapet

Svar på søknad om skjenkeløyve for einskildhøve - Herøyspelet

Vedtak:

Herøyspelet, organisasjonsnummer 976052994, får skjenkeløyve til einskildarrangement i Festsalen i Herøy kulturhus, Lisjebøvegen 10 A jf. teikning 04.07.2026 frå 20:00 – 02:00.

- Løyve gjeld varegruppe 1
- Løyve gjeld frå kl. 20:00 – 02:00.
- Arrangementet skal vere i festsalen på Herøy kulturhus.
- Det skal ikkje serverast alkohol til personar under 18 år. .
- Arrangementet er for inntil 250 personar
- Skjenkestyrar er Linn Therese Sævik, f 1989.
- Avløysar er Sveinung Storøy f. 1981.

Vilkår for løyvet:

- Konsum av alkoholholdig drikke må opphøre seinast 30 minutt etter at skjenketida har gått ut.
- Arrangør ryddar etter arrangementet og stiller tilfredsstillande vakthald.
- Det skal ikkje serverast alkohol til personar under 18 år.
- Herøy Brann og Redning skal varslast om arrangementet, og skal ha godkjent branntryggingstiltak der dei ser på det som nødvendig.

Gebyr for handsaming av søknad er på kr. 1200 for dag 1 og kr 500 for dag 2 , jf. alkoholpolitisk handlingsplan punkt 8. Faktura vert ettersendt. Vedtaket er gjort etter alkohollova §§ 1-6, 1-7c og 4-2, samt kommunen sin alkoholpolitiske plan.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå dags dato. Sjå rettleiing her:

<https://www.heroy.kommune.no/tenester/organisasjon-og-tilsette/klagerett/>

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Bjørnar Eikenes
Sakshandsamar viltforvalting

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Samandrag:

Herøyspelet frå skjenkeløyve med vilkår.

Saksopplysningar:

Herøyspelet har søkt om skjenkeløyve for einskildhøve i festsalen i Herøy kulturhus 04.07. 2026 frå 20:00-02:00. Det er søkt om skjenking i gruppe 1, og aldersgrensa er satt til 16 år. Det er skrive at personar under 18 år skal ha følgje med vaksen.

Arrangementet er for inntil 250 personar. Det er frivillige og deltakarar i Herøyspelet som kjem på arrangementet.

Vurderingar

Herøyspelet har sendt inn nødvendig informasjon. Politiet har hatt søknaden på høyring, men har ikkje kome med uttale. Det vert difor gitt løyve med vilkår.

Konklusjon

Herøyspelet får løyve til skjenking.

Vedlegg

Resized_20260624_1432171